



Ullensvang
kommune

Planstrategi

2024-2027



Vedteke i kommunestyret 13.11.2024



2024-2027	0
Innleiing	2
Kvifor planstrategi?	2
Lovkommentar til plan- og bygningslova (PBL)	3
Planbehov	3
Planoversikt	3
Prosess	4
Utviklingstrekk Ullensvang kommune	10
Føremoner	10
Ulemper	11
Føringar	12
Overnasjonale	12
Statlege	13
Regionale	16
Kommunale	19





Innleiing

Kvifor planstrategi?

Planstrategien er ei vurdering av kommunen sin trong for og prioritering av planar i valperioden. Planstrategien er ikkje formelt bindande, og kommunestyret kan endre den eller vike frå den om det er gode grunnar til det. Planarbeid som ikkje er omtala i planstrategien kan startast opp, men dersom ein ynskjer å ta ut større planoppgåver, bør det skje gjennom ei formell endring av planstrategien. Planstrategien kan gi signal om kva private planinitiativ som kan venta å få positiv respons frå kommunen, men har ikkje direkte rettsverknad. Det kan ikkje fremjast motsegn mot kommunen sin planstrategi.

Planstrategien er ikkje ein plan og med det ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar. Planstrategien syner kva planar som er forventast at skal prioriterast i valperioden.

Utarbeiding og vedtak av planstrategien er ei lovfesta oppgåve som kvart kommunestyre skal gjennomføra seinast eit år etter konstituering. Dette er heimla i [Plan- og bygningsloven § 10-1](#):

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi.

Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.





Planstrategien er difor eit nyttig oversiktsdokument som syner kommunen sitt planbehov i den inneværande valperioden. Det gir innbyggjarane og politikarane innsikt i kva som er forventa kostnad og tidsbruk for kommunen sitt planverk.

Lovkommentar til plan- og bygningslova (PBL)

Formålet med den kommunale planstrategien er å sette fokus på de planoppgaver kommunen bør starte opp eller videreføre for å legge til rette for en positiv utvikling i kommunen.

Kommunal planstrategi skal omfatte kommunens strategiske valg knyttet til utviklingen av kommunesamfunnet. Det gjelder både langsiktig arealbruk, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunenes planbehov i valgperioden.

Strategien bør inneholde:

- redegjørelse for utviklingstrekk og utfordringer knyttet til samfunnsutvikling og miljø,*
- drøfting av hovedtrekkene i en langsiktig arealstrategi (prinsipper for romlig utvikling), både for å ivareta samordning, utbygging og vern av områder),*
- vurdering av sektorenes planbehov, og*
- vurdering av prioriterte planoppgaver og behovet for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.*

Retningslinjer for langsiktig arealbruk skal inngå som del av strategien og danne basis for det mer konkrete arbeidet med kommuneplanens arealdel. Den langsiktige arealstrategien skal vise sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og angi langsiktige utviklingsretninger i kommunen og områder for særlig utvikling og vern for å ivareta de arealhensynene som framgår av plan- og bygningsloven § 3-1.

Planbehov

Ullensvang kommune har for tida stor aktivitet i dei fleste sektorar. Kommunen har og relativt god økonomi, som gjer at vi kan setje i gang prosjekter og planar ein del andre kommunar ikkje har anledning til.

Planoversikt

Vedlagt er ei oversikt som sektorvis syner kva planar som er gjennomført i førre valperiode, kva planarbeid som er starta opp, og kva planarbeid som er tenkt starta opp i denne valperioden. Oversikten syner kva plantype det er snakk om, kva år planen skal starta opp, bli arbeida med og når det er forventa vedtak. Reknearket syner og forventa kostnad av eksterne ressursar per år.





Plantypar

Kommuneplan

Kommuneplanen er det mest overordna styringsdokumentet ein kommune har høve til å vedta sjølv. Den er styrande for den langsiktige strategiske drifta og arealdisponeringa i ein kommune. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel (KPS) og ein arealdel (KPA). Samfunnsdelen er nyleg vedteken, og er ikkje tenkt rullert. Det vil vera aktuelt å vurdere i valperioden om strategiane til KPS skal rullerast. Arealdelen er under utarbeiding.

Kommunedelplan

Kommunedelplanar er planar som skal utarbeidast etter Plan- og bygningsloven (PBL). Dette kan vera arealplanar eller temaplanar. Det som skiller ein kommunedelplan frå øvrige temaplanar er at det er formelle prosesskrav til ein kommunedelplan.

Områdereguleringsplan

Områdereguleringsplan er arealplanar som disponerer areal til gitte føremål, utan at det er direkte heimel til tiltak. Det kan vera kombinasjonar av område- og detaljreguleringsplan, der delar av eit planområde kan heimla tiltak, medan andre delar av planområdet krev detaljregulering for å kunne heimle vedtak.

Detaljreguleringsplan

Detaljreguleringsplanar er arealplanar som er detaljerte nok og har avklara alle naudsynte og kjente moment for å kunne heimle tiltak direkte.

Temaplan

Temaplanar er, som namnet antyder, planar som omhandlar eit gitt tema. Dette kan vera stort og sektoroverskridande, eller smalt og kun gyldig for ei gitt verksemd.

Handlingsplan

Handlingsplanar skal leggje fram ei oversikt over tiltak som skal gjennomførast. Ofte i samband med ein temaplan. Oversikten bør innehalda ansvar, kostnadsrammer, tidshorisont og forventa effekt.

Prosess

Alle sektorar har fått anledning og oppmoding om å melda inn og vurdere sine planbehov og gjeldande planar for sektoren. Det ein veit av oppstart, tidsbruk, kostnadar og ei kort skildring av planen, samt planansvarleg vart ført inn i planoversikten.





Tema

Under følger ein tematisk gjennomgang av dei viktigaste faktorane som påverkar kommunen sitt planarbeid. Kva er ståa, kva planarbeid er knytt til temaet, og har kommunen pågåande arbeid som råkar temaet direkte.

Bustad

Ullensvang kommune har ei overordna bustadsgruppe som har møter ein gong i halvåret, med mandat for å leggja til rette for å sikra gode og trygge bustadar og bumiljø for innbyggjarane, gjennom tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid. Hovudsakleg er fokus på innbyggjarar som treng hjelp til å skaffa seg bustad, og korleis kommunen kan leggja til rette for tilbod til desse.

Kommunen har ein strategi for utvikling av bustadtomter for å auka antalet bustadar som blir bygde kvart år. I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vart det klart at kommunen hadde mykje lågare utbygging av bustadar enn samanliknbare kommunar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg vekt på at det skal vera mogleg å utvikla heile kommunen, i varierende grad. Gjennom bruk av føremålet LNF-S bustad (Landbruk, natur og friluftsliv - Spredt bustad), skal det vera opning for å busetja seg i alle grunnkrinsar som har busetjing i dag. Sentrumsnært er dette ikkje aktuelt, så LNF-S vil gjelda få bustadar, men er eit viktig tilbod for dei det gjeld.

Hovudgrepet er å leggja til rette for fortetting og utvikling av eksisterande sentrumsområder gjennom sentrumsplanar og private reguleringsplaninitiativ.

Planvask

I prosessen med kommuneplanen sin arealdel (KPA) skal alle gjeldande reguleringsplanar vurderast for samsvar med dagens krav og behov. Er planen i tråd med overordna føringar, kan den vidareførast med eiga omsynsone. Der føremålet fortsatt er ønska, men reguleringsplanen har manglar skal arealdelen vøla desse.

Dersom føremålet i reguleringsplanen ikkje er i tråd med overordna mål, vil KPA få endra føremål, og overstyre reguleringsplanen. I etterkant av vedtatt KPA kan dei reguleringsplanane som er i motstrid med KPA, opphevast gjennom ein separat prosess, der dei som er part i planen er sikra høve til medverknad.

Klima

Ullensvang kommune har høvesvis store klimautslepp innafor sine grenser. Det er i hovudsak knytt til prosessindustrien, og då særleg Ineos i Tyssedal. Her blir det jobba med prosjekt for å sterkt redusere utsleppet av CO₂.





Ser ein vekk frå industrien så gir vegtrafikken det største utsleppet. E134 med store høgdeskilnadar gjennom kommunen bidreg sterkt til dette. Nye tunnelar rundt Røldal vil føre til at særleg tungtrafikken vil sleppe ut mindre klimagassar.

Ullensvang kommune utarbeider ein Klima- miljø- og energiplan. Denne skal gjera greie for korleis aktiviteten i kommunen påverkar miljøet, energibruk, og utslepp av klimagassar. Planen skal og leggja fram tiltak og føringar som kan redusera utsleppa i kommunen. Det skal synleggjerast kva prosjekt som bør satsast på.

Planen blir utarbeidd av ei intern arbeidsgruppe i kommunen, med representantar frå fleire avdelingar. Planen vil vera eit viktig styringsverktøy for Ullensvang kommune, for å redusera klimautslepp og betra klimarekneskapet.

Folkehelse

Folkehelseoversikten er sist oppdatert i 2020. Det er i skrivande stund ikkje folkehelsekoordinator i kommunen. Folkehelseoversikten skal utarbeidast kvart fjerde år, og danna grunnlag for arbeidet med planstrategien. Ei drøfting av kommunen sine utfordringar innan folkehelse bør inngå i strategien. Då det ikkje har blitt utarbeida ei oppdatert oversikt, tar ein utgangspunkt i den gjeldande. I korte trekk er funna der:

- Langvarig folketalsnedgang, som har stagnert noko seinare år
- Eldrebølgja er over oss
- Utdanning har stor innverknad på levealder, og Ullensvang har høvesvis høgt utdanna innbyggjarar
- Skilnaden i inntekt er lågare i Ullensvang enn resten av landet, men denne skilnaden har fortsatt merkbar innverknad på helse

Beredskap

Beredskapen har tydeleg endra seg siste år. Det som tidlegare var prega av tydelege sesongar der det var trong for auka beredskap er no prega av at heile året har høg risiko for hendingar knytt til naturfare. Det er særleg steinskred og steinsprang som har auka. Dette fører til oftare stengte vegar, som er eit stort problem for viktige tenester som helse og naudetatane.

I alt arealplanarbeid skal kommunen vurdere naturfare og eventuelle sikringstiltak for å redusere trongen for beredskap, og fare for liv og helse. Utbygging skal først og fremst skje der naturfare allereie er avklara, og kun når det er naudsynt skal ein vurdere nybygging som krev sikringstiltak. Arealplanlegginga skal ha ei heilskapleg tilnærming til lokalisering og utforming av tettstadane og anna utbygging, for å unngå kostnadskrevjande sikringstiltak, og unødig press på beredskapstenesta.

Det er fjellparti i kommunen som kan føre til store ras og påfølgjande flodbølgje langsmed heile Sørfjorden. TEK 17 § 7-4 legg føringar for korleis kommunen skal





handsama risikoen for fjellskred med påfølgande konsekvensar. Då er særleg personskade relevant. NVE har etablert periodisk overvaking, og kommunen har etablert evakueringsplan og beredskapsplan som ivaretar persontryggleiken. Særleg lokalisering av tenester der det er utfordrande med evakuering, eller beredskap må ta omsyn til fjellskred og påfølgande konsekvensar. I plansaker som ligg i aktsemdsona for flodbølge følg kommunen dei statlege føringane. I KPA blir vurderingar av alternative plasseringar i henhold til TEK 17 § 7-4 særleg viktig.

Den auka turismen er òg ei større utfordring for beredskapen, då det er større og annleis trafikk enn vegane er dimensjonert for. Det gir større sannsyn for trafikkproblemer og kødanning.

For beredskap er planoppgåvene i kontinuerleg forbetring og rulling. Beredskap er eit område der det er avgjerande å vera i forkant av hendingar, og ha klare retningslinjer for korleis ein skal handla. Ein har gode rutinar på beredskapshendingar med eit godt og tverrfagleg samarbeid mellom kommunen sin krisestab og naudetatane.

Landbruk

Landbruket er ei næring som særleg treng stabile klimatilhøve. Klimaendringane er difor ei stor utfordring for kommunen. Særleg for fruktbøndene er stabilt klima viktig.

Klimaendringane gir store variasjonar i avling. Dette gjer det vanskeleg å vera føreseieleg med leveransar. Fjoråret er ikkje lenger godt utgangspunkt for å vurdere avlinga i år. Plutselige væromslag kan gjera det som såg ut som ein god vår, til ein dårleg haust, eller omvendt.


Tilrettelegging for vidareforedling av eigne produkt er viktig, slik at ein kan jamne ut dei årlege variasjonane. I kommuneplanen sin arealdel blir det lagt til rette for vidareforedling på eigen grunn, og at eksisterande næringsareal og næringsbygg kan nyttast til dette. Det blir og lagt opp til betre samanheng mellom planen og anna lovverk.





Barn og unge

Elevtala i kommunen er i nedgang og har vore det over lengre tid. Prognosane tilseier at denne nedgangen skal stabilisera seg om lag midt på 2030-talet.



Ung data-undersøkinga syner at det er endringar både nasjonalt og i kommunen, når det kjem til det psykososiale miljøet. Her kan ein søka opp rapportane for Ullensvang: <https://www.ungdata.no/rapporter/>

Ungdommane som har svara på Ung data er jamnt over godt nøgde med kommunen, men legg vekt på at det er mangel på tilbod for både organisert og uorganisert aktivitet i kommunen. Dette har blitt rapportert i nær alle medverknadsprosessar kommunen har hatt med ungdommen. Ungdomsrådet har etterlyst møtepunkt særleg i Odda og for elevar på vidaregåande. Det er òg jamnt over for få arrangement og møtepunkt for denne aldersgruppa.

Naturmangfald

I stortingsmelding 14 har Regjeringa som mål at det skal leggjast til rette for å ivareta naturmangfald i arealplanlegginga. Ullensvang kommune har store areal i nasjonalparkane Hardangevidda og Folgefonna, i tillegg til areal som er verna av naturmangfaldsomsyn.

Organisering for kommunen

I skrivande stund er kommunen i ein omstillingsprosess. Kommunesektoren sin organisasjon, KS, leiar denne prosessen, og resultatet er ikkje klart før planstrategien er vedteken.





Tilgjengeleg utforming og FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen skal bidra til å motverke diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne, og sikra respekt for dei sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Konvensjonen vart vedteken i 2006, tredde i kraft i 2008 og vart ratifisert av Noreg i 2013. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har ein rettleiar med kommunen og kommunale verksemder som hovudmålgruppe.

CRPD er ikkje ein eigen norsk lov, men er innarbeidd i norsk lovverk ved at eksisterande lovgjevnad vart tilpassa konvensjonen utan at CRPD i seg sjølv vart gjort til norsk lov. Dette vil seie at kommunale verksemder allereie har mykje av CRPD dekkja i deira daglege sakshandsaming, og Bufdir si rettleiing er med på å synleggjera rettane til personar med nedsett funksjonsevne.

Utover det lovpålagte rådet for personar med nedsett funksjonsevne, har kommunen eit prosjekt for å kartleggje nokre av tettstadane for tilgjengeleg utforming. I planstrategien er det lagt inn plan for universell utforming og mobilitetsstrategi, for å fremja universell utforming.

Heimesidene til kommunen er under revidering, og kommunen legg vinn på å vera universelt utforma i alle dokument, slik at det er mogleg for alle i kommunen å delta på like vilkår.

Massehandsaming

Ullensvang kommune har mange prosjekt der det er eit overskot av massar. Difor er massehandsaming, og ei samfunnsnyttig bruk av desse massane, eit prioritert prosjekt. Det blir jobba med ein studie av hamnebassenget frå Tyssedal til Odda, og i Sandvinsvatnet for samfunnsnyttige prosjekt som kan nytta overskotsmassar frå andre prosjekt.

Landskap

Ullensvang har fleire karakteristiske landskap. Foss, fonn, fjord, frukt og fjell er betegnande for kommunen. Som med Hardangervidda og Folgefonna er den største nasjonalpark-kommunen i Sør-Noreg. Her kan ein gå frå grønne frukthagar bugnande av epler, til vindblåste fjelltoppar med utsyn over store delar av Sør-Noreg på ein dagstur.

Sørfjorden har status som både KULA- og UKL-område. KULA står for Kulturhistoriske Landskap, og det er industrihistorien frå Tyssedal til Odda som har betydning for denne statusen. Lenger ute i fjorden er fruktdyrkinga langs fjorden innlemma i Utvalgte KulturLandskap.





Utviklingstrekk Ullensvang kommune

Føremoner

Næringsliv

Næringslivet i Ullensvang kommune bær preg av industri som satser på vidare vekst, som t.d. Boliden sitt prosjekt *Green Zinc Odda 4.0*, som er ei av dei største private investeringane på fastlandet, og vil gje auka energieffektivisering av metallprosesseringa deira. Ein slik industrisektor er med på å byggje kompetanse som kan støtte oppbygginga av annan framtidsretta industri, som hydrogensatsing.

Fruktdyrking og siderproduksjon har òg skapa ei regional merkevare som styrker fruktproduksjonen og som gjev breiare næringsgrunnlag for fruktbøndene og landbruket i fjorden. Sider frå Hardanger scorar høgt i konkurransar, og har aukande popularitet både nasjonalt og internasjonalt.

Kommunen har store fjellområde som i dag er verna gjennom landskapsvern og med nasjonalparkstatus. Naturen og landskap, både frå fjord, fjell og vidde, er ei særeigen oppleving for turistar, og ei satsing på besøksutvikling i regionen har løfta Hardanger opp som ein internasjonal turistdestinasjon.

Kommuneøkonomi

Ullensvang kommune har større økonomisk spelerom enn mange andre kommunar, som nummer 3 på kraftinntekter. Dette gjev kommunen meir fleksibilitet i utforminga av politikk og satsingsområder. Det er likevel viktig med ei nøktern tilnærming som ikkje nyttar det som ei krykkje å lene seg på. Den pågåande omstillingsprosessen syner ein proaktiv kommune som førebur seg på ei framtid med mindre økonomisk handlingsrom.

Frivillige organisasjonar og kultur

Det er mange frivillige organisasjonar og lag i kommunen som gjev eit rikt og allsidig tilbod og nettverk for personar med forskjellige interesser. Dette byggjer opp samhald, motverkar einsemd og utanforskap, tilbyr aktivitetar, og er til glede for både lokale og tilreisande.

Kommunen har levande bygder med varierte bustadstilbod både langs fjord og i fjell. Ein mangfaldig og rik lokalhistorie med spor som strekk seg frå folkevandringstida, via vikingtid, mellomalder, industrialisering, og heilt fram til i dag.





Ikkje berre har kommunen mange kulturminne og -miljø som er godt tatt vare på, men storsatsinga innanfor litteraturfeltet dei siste åra syner ein kommune og eit samfunn som ser framover. Det er òg fleire festivaler som tiltrekkjer seg både lokale og tilreisande, og som er med på å gje gode opplevingar, stimulere næringsliv og skapa liv.

Tettstadar og urbanitet

Ullensvang kommune består av fleire tettstadar som dekker fleire behov. Odda er regionalsenter og er midtpunkt mellom levande og attraktive lokal- og kommunedelsenter. Byen dekkjer dei urbane behova kommunen har innan detaljhandel, sjukehus, kollektivknutepunkt, m.m.

Samspelet mellom regionalsenteret og dei andre LKR-sentra gir eit mangfaldig tilbod for tilflyttarar, og lokale, der ein kan bu naturnært ved fjorden på Utne, høgt oppe i fjellufta i Røldal, meir urbant som i Odda, eller som frukt- eller melkebonde på ein av dei mange gardane i kommunen.

Ulemper

Sentralitetsindeks

Ullensvang kommune har en låg sentralitetsindeks. Sentralitetsindeksen syner tilgongen på arbeidsplassar og tilbod, basert på a) Antal arbeidsplassar innanfor 90 minutt reisetid, og b) Kor mange ulike typar servicetilbod ein har innanfor 90 minutt reisetid. Indeksen er vekta slik at kortare reisetid, gjev høgare score, og betre sentralitetsindeks.

Vegnettet og -infrastrukturen i kommunen treng oppgradering for betre framkomst for næringsliv og for reisande. Geografien gjer det dyrt å utbetre vegane - mellom anna grunna omsyn til trygging mot naturfare.

For RV13 og E134 er kommunen avhengig av nasjonalpolitisk vilje for utbetring. Hovudvegnettet i kommunen er Vestland fylkeskommune sitt ansvar. Og kommunen har lagt ned mykje arbeid i å få vegnettet på dagsorden og inn i nasjonale og regionale transportplanar. Då i hard konkurranse med andre vegstrekk.

Demografi

Noreg og store deler av den industrialiserte verda står overfor den neste store demografiske overgangen: Eldrebølgja. Det vert fleire i pensjonsalder som lever lenger, og færre i arbeidsfør alder til å ta vare på dei, og til å finansiere velferda.

Ullensvang kommune er kome langt i denne utviklinga, og har i dag ei aldersbæreevne på 2,78 mot 3,95 i Vestland og 3,99 i landet generelt.





Det er difor viktig å tiltrekke seg og halde på arbeidskraft innanfor helse- og omsorg for å trygge desse velferdstilboda i framtida, og med færre omsorgsarbeidarar, må ein organisere kommunen for å gi gode tilbod, halda på og få tak i naudsynt arbeidskraft og kompetanse.

Struktur og låg tettleik

Kommunen har generelt låg tettleik. Sjølv tettstadane er spredt ut. Dette gjer at Kollektivtransporten manglar passasjergrunnlag, og mange vert difor avhengige av bil. Dette krev større areal til parkering, og skapar skilnadar mellom dei som har uavhengig tilgong til bil og dei som ikkje har det.

Dette kan gjenspeila seg i samfunnet, då eit bilavhengig samfunn diskriminerer mot dei som av fysiske, økonomiske eller sosiale grunnar ikkje køyrer sjølv.

Høg tettleik i tettstadane opnar mellom anna for betre kollektivtilbod, då kollektivknutepunkta dekker behova for fleire folk på eit mindre areal. Byfortetting og heilskapleg tettstadsplanlegging kan vere med på å skapa betre tilgang for alle, utan at dei må ha privatbil.

Dette er ein vanskeleg balanseong, då alle tilbod må leggjast til rette for dei som brukar det i dag, og på grunn av busetjingsmønsteret har ein kvardag som er lagt opp rundt bilen.

Låg tettleik gjer òg at alle tilbod har større kostnad. Heimesjukepleien brukar mykje tid i bil, store delar av elevane treng skuleskyss, det er mange kilometer veg som skal brøytast, og det er færre som delar kostnadane per lengdemeter kloakk- og vassrøyr.

For hushaldningane blir det og ein høgare kostnad både i kroner og tid å delta på aktivitetar, når alle må transporterast i bil. Born blir mindre uavhengige, og det blir vanskelegare å oppretthalda frivillege organisasjonar og lag.

Føringar

Overnasjonale

FN sine bærekraftsmål

FN sine bærekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å møte dagens behov utan å øydeleggja moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov. Bærekraftsmåla er sentrale i samfunnsutviklinga, og innan 2030 skal ein ha nådd dei følgjande måla:

1. Utrydda fattigdom





2. Utrydda svolt
3. God helse og livskvalitet
4. God utdanning
5. Likestilling mellom kjønna
6. Reint vatn og gode sanitærforhold
7. Rein energi til alle
8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
9. Industri, innovasjon og infrastruktur
10. Mindre ulikskap
11. Bærekraftige byar og lokalsamfunn
12. Ansvarleg forbruk og produksjon
13. Stoppe klimaendringane
14. Livet i havet
15. Livet på land
16. Fred, rettferd og velfungerande institusjonar
17. Samarbeid for å nå måla

Statlege

Boligsosialloven (2022). Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet

Boligsosialloven § 5 fastset at på det boligsosiale feltet har kommunen ei lovpålagt plikt til å sørge for samarbeid på tvers av sektorar og samordning av tenestene sine, og at kommunen skal ha ei oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen skal òg gje individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Folkehelselova (2012). Lov om folkehelsearbeid

Folkehelselova §§ 5 og 6 fastset at kommunen skal ha naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkningen, og at denne skal vere skriftleg og identifisera folkehelseutfordringane i kommunen. Denne oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi.

Forskrift om oversikt over folkehelsen (2012).

Forskrifta fastset at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal liggja til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet, og skal liggja føre ved oppstart av arbeidet med planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 7-1 og § 10-1.





Kommunal- og distriktsdepartementet (1995). *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.*

Dei rikspolitiske retningslinjene for barn og planlegging er ein del av den norske tilrettelegginga for å oppfylle forpliktingane i FN sin barnekonvensjon.

Dokumentet syner til viktige nasjonale mål for:

- a) "Sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger, og som har de fysiske, sosiale og kulturelle kvaliteter som til enhver tid er i samsvar med eksisterende kunnskap om barn og unges behov."
- b) "Ivareta det offentlige ansvar for å sikre barn og unge de tilbud og muligheter som samlet kan gi den enkelte utfordringer og en meningsfylt oppvekst uansett bosted, sosial og kulturell bakgrunn."

Kommunen skal sikre at punkt 4 og 5 i retningslinjene vert ivaretekne og klargjere kvar i kommunen ansvaret ligg for å følgje opp retningslinjene, jf. punkt 3 bokstav c om ansvarstilhøve.

Kommunal- og distriktsdepartementet (2014). *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.*

Hensikten med dei statlege planretningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslina skal leggjast til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova og ved enkeltvedtak som statlege, regionale og kommunale organ gjer etter plan- og bygningslova eller anna lovgjeving.

Kommunal- og distriktsdepartementet (2018). *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning*

Dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning legg opp til at kommunane, fylkeskommunane og staten skal stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvenleg energiomlegging. Samfunnet skal og vera førebudd på og tilpassa seg konsekvensane av klimaendringane. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved kommunal, regional og statleg planlegging etter plan- og bygningslova, og i enkeltvedtak som kommunale, regionale og statlege organ gjer etter plan- og bygningslova eller anna lovgjeving.





Kommunal- og distriktsdepartementet (2023). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027.*

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2023-2027, vedteke ved kongeleg resolusjon 20.06. 2023, ligg til grunn for strategien. Her er det fem overordna perspektiv:

- 1) Sosial berekraft
- 2) Økonomisk berekraft
- 3) Miljømessig berekraft
- 4) Samfunnstryggleik og beredskap
- 5) Samarbeid for å nå måla

Dette er i samsvar med 2030-agendaen som byggjer på FN sine 17 berekraftsmål fram mot år 2030.

Dei overordna perspektiva i forventningsdokumentet er delt inn i fem overskrifter:

- 1) Samordning og samarbeid i planlegginga
- 2) Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- 3) Velferd og berekraftig verdiskapping
- 4) Klima, natur og miljø for framtida
- 5) Samfunnstryggleik og beredskap

Meld. St. 15 (2017-2018). *Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre.* Helse- og omsorgsdepartementet.

Stortingsmeldinga fastset at det bør vere fokus på å løfte opp spørsmålet om og drøfte kring temaet aldersvennlege kommunar og fylkeskommunar i den kommunale og fylkeskommunale planstrategien.

Meld. St. 14 (2023-2024). *Nasjonal transportplan 2025-2036.* Samferdselsdepartementet.

Nasjonal transportplan er regjeringa sitt overordna dokument for utviklingstrekk, fokus og trender i den gjeldande perioden. Den understreker at kommunane har ansvar for kommunal planlegging etter plan- og bygningslova, og skal òg vareta nasjonale og regionale interesser, blant anna gjennom ansvar for drift av det kommunale vegnettet og kommunale hamner, samt disponering og planlegging av areal.

Plan- og bygningslova (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling.*

Plan- og bygningslova av 2008 er lovheimel for dei fleste punkta knytt til krav om, utforming av og prosess for statlege, regionale og kommunale planar, samt sjølve





planstrategien. Her er føringar for kva for planar som må vedtakast, kva for prosess dei må følgje, når dei må vedtakast, og kven som skal involverast som eit minimum, samt kva for område ein skal tileigne ekstra fokus, som t.d. berekraft.

Regionale

Forvaltningsstyremakta i Hordaland (2010). *Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark [...]*

Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen landskapsvernområde, Ænesdalen landskapsvernområde, Hattebergsdalen landskapsvernområde og Buer landskapsvernområde, med tilhøyrande verneforskrifter, skal ivareta eit eigenarta og vakkert naturområde, med vekt på å sikre viktige geologiske førekomstar, område med biologisk mangfald, verdifull vassdragsnatur og verdifulle kulturlandskap og kulturminne.

Våren 2024 starta revideringsarbeidet for ny forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark m.m., og den nye forvaltningsplanen vert òg viktig for forvaltning av og kommunal planlegging kring desse verneområda.

Hordaland fylkeskommune (2014). *Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle*

Regional plan for folkehelse har visjon og overordna mål for folkehelse, samt planretningslinjer som skal leggjast til grunn for kommunal planlegging. I hovudsak kommuneplanen sin arealdel og større reguleringsplanar. Den skal følgjast opp i kommunal og statleg planlegging og verksemd, og folkehelse skal inngå som eit gjennomgåande element både i den ordinære samfunnsplanlegginga og i arbeidet med planstrategiar.

Planen legg opp til at det er fem grunnprinsipp i folkehelsearbeidet:

- 1) Sosial utjamning
- 2) Helse i alt vi gjer
- 3) Berekraftig utvikling
- 4) Før var-prinsippet
- 5) Medverknad

Planen har òg fem hovudtema:

- 1) Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
- 2) Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader
- 3) Oppvekst og læring
- 4) Arbeid og arbeidsplassen
- 5) Aktivitet og sosial deltaking





Hordaland fylkeskommune (2014). *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*

Regional plan for attraktive senter i Hordaland vart vedteken i 2014 og strekk seg heilt fram til 2026. Dokumentet er ein regional plan som skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planen er sentral i *Kommuneplanen sin samfunnsdel for Ullensvang kommune* med LKR-sentra, og er difor òg viktig for utviklinga av sentrumsplanar i denne perioden.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021). *Regional plan for Hardangervidda*

Miljøverndepartementet ga i oppdragsbrev datert 12.04.2007 fleire fylkeskommunar i oppdrag å utarbeide regionale planar for forvaltning av fjellområda. Noreg sitt unike fjellandskap skal varetakast som leveområde for sårbare arter, rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levande bygder. Områda skal forvaltast som landskap der kultur- og naturressursane, næringsmessig utnytting og friluftsliv sikrast og gjensidig utfyller kvarandre. Villreinen skal ha ein sentral plass i forvaltninga, og deira leveområde skal sikrast gjennom regionale planar.

Planen er retningsgivande for kommunal planlegging og gjev føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging.

Vestland fylkeskommune (2021). *Regional transportplan for Vestland 2022-2033*

Regional transportplan for Vestland 2022-2033, saman med sine vedlegg (som t.d. *Strategi for mjuke trafikantar*), set retning som samferdslefeltet i Vestland fylke i den neste perioden. Den skal sikre fokus på å gjere samferdsleplanlegging blant anna trygg, effektiv, framtidsretta og berekraftig.

Vestland fylkeskommune (2021). *Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling*

Den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket. Planen tek for seg retninga for næringslivet i Vestland fylke dei neste tolv åra, og har fire hovudsatsingar:

- 1) Grøn næringsutvikling (mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030)
- 2) Innovative og inkluderande samfunn (mål: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket)
- 3) Areal til næringsutvikling (mål: Rett areal til rett føremål til rett tid)





- 4) Kompetanseutvikling i arbeidslivet (mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse)

Vestland fylkeskommune (2020). *Regional planstrategi 2020-2024*

Den gjeldande planstrategien for Vestland fylkeskommune har fire hovudmål og strategiar for perioden 2020-2024:

- 1) Vestland som det leiande verdi-skapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- 2) Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- 3) Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- 4) Like moglegheiter for å delta i verdiskaping

Vestland fylkeskommune (2024). *Regional planstrategi 2024-2028*

Den fylkeskommunale planstrategien er under handsaming i skrivande stund. Tidlegaste vedtaksdato er sett til desember 2024. I høyringsforslaget er det lagt fram fire satsingsområde og hovudmål:

- 1) Velferd og verdiskaping
- 2) Demografi og likeverd
- 3) Klima og natur
- 4) Samarbeid

Dei fleste nye og rullerande temaplanar og regionale planar vil vere viktige og relevante for Ullensvang kommune.

Vestland fylkeskommune (2022). *Vårt verdfulle vatn. Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.*

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion fastsett miljømål for elvar, bekker, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Planen gjeld alle sektorar og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen plikta til å legge miljømåla til grunn for si planlegging og verksemd.

Vestland fylkeskommune (2022). *Regional plan for klima 2022-2035*

Vestland har i dag store klimagassutslepp, men har òg kompetansen, ressursane og moglegheita til å gjennomføre utsleppsreducerande tiltak i tida fram mot 2030. Planen er forankra i regional planstrategi *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, og skal leggest til grunn for verksemda til regionale organ, samt for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.





Regional plan for klima 2022-2035 set fem prioriterte tema for perioden:

- 1) Redusere direkte klimagassutslepp
- 2) Reduserer klimafotavtrykket
- 3) Trygt og robust Vestland
- 4) Sikre naturmangfold
- 5) Klimarettferd og folkehelse

Vestland fylkeskommune (2023). *Regional plan for kultur 2023-2035*

Det vide kulturomgrepet og dei mangfoldige kulturaktørane er med på å gjere Vestland til eit samfunn der kultur er med på å gje mening og livskvalitet, og der retten til å delta, oppleve og skapa er sjølsagt: kultur skapar samfunn. Regional plan for kultur inviterer aktørane til samarbeid om å utvikle ein leiande kulturregion, og er retningsgjevande for statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd i Vestland. Planen skal bidra til å samordne sprikande sektormyndene og vere eit koplingspunkt mellom kommunane, fylkeskommunen og staten, og realiseringa er eit felles ansvar for desse tre nivåa, samt for privat sektor og sivilsamfunnet.

Kommunale

Ullensvang kommune (2020). *Folkehelseoversikt for Ullensvang kommune*

Folkehelseoversikt for Ullensvang kommune vart vedteken i 2020 med mål om at nytt kunnskapsdokument skal utarbeidast kvart fjerde år. Folkehelse er viktig i både kortsiktig og langsiktig kommunal planlegging, og desse kunnskapsdokumenta kan vere med på å syne korleis utviklinga i folkehelse har vore over lengre tid ved å nytte same tema i den nye folkehelseoversikten som ein hadde i den gamle.

Ullensvang kommune (2021). *Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032*

Kommuneplanen sin samfunnsdel fastet tre hovudsatsingsområde og ni mål. Dei tre hovudsatsingsområda er:

- 1) Bustad
- 2) Næring
- 3) Kultur- og reiseliv

Dei ni måla fram mot 2032 er følgjande:

- 1) Berekraft er grunnleggjande i Ullensvang kommune
- 2) Ullensvang kommune er aktiv tilretteleggjar og pådrivar





- 3) Ullensvang er verdskjend for friluftsliv, mat og kultur
- 4) LKR-sentra er attraktive stader å bu, leva og jobba for alle
- 5) Ullensvang har levande bygder og sterke sentrum i utvikling
- 6) Turismen er positiv for Ullensvang kommune
- 7) Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande
- 8) Ullensvang har tilfredsstillande infrastruktur
- 9) Ullensvang har eit unikt, allsidig og aktivt næringsliv

Det legg difor opp til vidare fokus på sentrumsplanar for tettstadane, og temaplanar for folkehelse, næring, beredskap, vegnorm, skulebruk, m.m.

Ullensvang kommune (2022). Helse og omsorgsplan 2022-2032

Helse og omsorgsplan 2022-2032 skal fungera som eit overordna styringsdokument for drift og utvikling av sektoren og tenestene i åra framover. Det betyr at planen ikkje tek føre seg konkrete tiltak på verksemdsnivå og tenestenivå. Difor legg planen for helse og omsorg opp til planar som går meir i djupna av tenestene.

